

Ny EU-tildeling til UiO

Avdeling for biomateriale vart nylig tildelt finansiering frå EU til eit forskingsprosjekt på degradable metall, kalt «MgSafe», skriv nettstaden www.odont.uio.no.

Håvard Haugen og Janne Reseland er svært nøgde med tildelinga frå EU som sikrar dei ein ny Ph.d.-kandidat til prosjektet som forsker på degradable metall. Foto: ©Margit Selsjord, OD/UiO.

Tildelinga kjem frå det prestisjefylte Marie Skłodowska-Curie Innovative Training Networks –programmet og prosjektleiar er Håvard J. Haugen.

– Tildelinga har enorm betydning da dette er eit prestisjefylt program i Horizon2020 og kun de aller beste forskingsmiljøa når fram. Det er ei stor ære for Avdeling for Biomateriale å få lov til vere med i eit så eksklusivt og stimulerande konsortium, seier Haugen.

Han fortel og at dei har jobba over tid for denne tildelinga:

– Vi har jo vore veldig aktive på nettverket, skaffa gode partnarar til koordinatoren i prosessen og haldt kontakta med moglege samarbeidspartnarar. Søknaden var inne for tredje gong, og det var ikkje så mange konsortium-deltakarar frå den første runda som fekk lov til å vere med på siste runda, så det gjeld å levere heile tida for å kunne delta. Spesielt kjekt at dette endeleg gjev uttelling etter så mykje hard jobbing.

Nedbrytelege implantat er framtida
Forbetringar i implantat som nytest til dentale og ortopediske føremål har vor-



Foto: ©Margit Selsjord, Det odontologiske fakultet/Universitetet i Oslo.

te heilt avgjerande i takt med aldrande befolkning, stadig fleire tilfelle av fedme, ei rask aukiing i osteoporoserelaterte frakturar og meir høgrisiko sportsaktivitetar. Til no har desse indikasjonane som oftast vore behandla med ikkjenedbrytbare metallimplantat, som i nokre fall krev kirurgisk fjerning etter at beinet har blitt heilt friskt att. I 2013 vart det fyrste nedbrytelege metallimplantatet laga av ei CE-sertifisert Mg-legering, som har vorte implantert i fleire enn 100 pasientar.

Frå både helsesektoren og pasienten sitt synspunkt gir nedbrytelege implantat levedyktige, kostnadseffektive og

pasientvennlege alternativ. Målet med MgSafe-prosjektet er å kvantifisere deira fysiske innvirkning og kor egna denne klassen av materiale er i framtidige menneskelege applikasjonar.

Midla frå EU skal særleg brukast til å finansiere løna til ein PhD-kandidat, forskingsopphald av tre PhD-kandidatar, driftsmidlar, workshops og møter med høgt profilerte europeiske samarbeidspartnarar.

PERSONALIA

Dødsfall

Erling Aksdal, f. 16.05.1925, tannlegeeksamen 1965, d. 15.05.2018.

Edmund Juliussen, f. 14.06.1936, tannlegeeksamen 1964, d. 06.03.2018

Torstein Harbo, f. 19.09.1929, tannlegeeksamen 1956, d. 18.02.2018

Publisering av runde fødselsdager

NTFs Tidende vil fra og med utgivelse nr. 6, 2018 ikke lenger bekjentgjøre at NTF-medlemmer fyller runde år. Dette for å etterkomme kravene i EUs nye personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR) som blir norsk lov i 2018.

